

Hei!

No er me i full gang med å lage forestilling til barnehagane i Vaksdal. Bestillinga vår er at det må handla om trafikk og at forestillingane skal vera i dei ulike barnehagane ein gong før eller etter Daledagane.

Me har følgjande forslag med omsyn til kortid me kjem:

Tysdag 30.mai : Stamnes klokka 10  
Dale klokka 13

Torsdag 8.juni: Vaksdal klokka 10  
Stanghelle klokka 13

Høyrdes dette ok ut? Forestillinga tek ca 30-40 minutt og passar best for dei eldste- men de bestemmer kor nedre grense for konsentrasjon går.

Har de innspel til tidene er det flott om de svarar "Svar alle" så kan alle følgja med. Me vil prøva gjera alle til lags, men har litt barnepass me må organisere på privaten.

Om forestillinga:

Me har teke utgangspunkt i Trygg Trafikk sine nettsider for barnehagar, og Hiri skal prøve å lære seg desse reglane:

- Sjå deg til begge sider før du går over vegen
- Gå på venstre side
- Raudt og grønt Ijos

Dette kan vera ganske vanskeleg for ein sau... Hiri og Herborg får eit bevis hjå veren når dei klarar desse reglane. Kanskje me kan laga eit "Trafikksertifikat" som de kan få kopi av viss de vil.

Me gler oss, og håpar de likar sauene Herborg og Hiri, og storeveren og skurken Myggen.  
Det blir mykje song og musikk, litt alvor og litt tøys og tull.

Beste helsing  
Maya Mykkeltvedt,  
sauen Hiri

## TRAFIKK-KURS FOR SAUER



PÅ GRUNN AV MANGE SAUER LANGS VEGEN,  
SKAL ALLE SAUER FRÅ I DAG GJENNOMGÅ EIT  
TRAFIKK-KURS. FOR Å FÅ DIPLOM OG  
**GODKJENNING** MÅ ALLE SAUER KUNNA DETTE:

- EIN MÅ ALLTID SJÅ SEG GODT FOR FØR EIN  
GÅR OVER VEGEN  
STOPP- SJÅ-GÅ

### - BRUK REFLEKS

- GÅ PÅ GRØN MANN  
STÅ I RO PÅ RAUD MANN

VÈREN ER ANSVARLEG FOR AT ALLE SAUENE KAN DETTE FØR  
SOMMARFERIEN.



# DIPLOM

VERT TILDELT

## FOR GODT UTFØRT TRAFIKK-KURS.

Du har vist at du

- KAN SJÅ SEG GODT FOR
- ER FLINK Å BRUKE REFLEKS NÅR DET ER MØRK
- FYLGJER REGLANE FOR RAUD OG GRØN MANN



Vêren, Hiri og Herborg

Trafikkauer

